

# Kva skal til for å auke tal læreplassar?

AUD-rapport nr. 12-16



Utgivar:	Hordaland fylkeskommune, Seksjon for forskning, internasjonali- sering og analyse: <a href="http://www.hordaland.no/aud">http://www.hordaland.no/aud</a>
Tittel:	"Kva kan gjerast for å få fleire læreplassar?"
Namn/Nr:	AUD-rapport nr. 12-16 <a href="http://www.hordaland.no/aud-rapportar">http://www.hordaland.no/aud-rapportar</a>
Publisert:	Februar 2017
Forfattar:	Torbjørn Lorentzen, <a href="mailto:torbjorn.lorentzen@hfk.no">torbjorn.lorentzen@hfk.no</a> ; tel: 408 06 281

# Innhold

1. Innleiing.....	3
2. Utvikling i tal lærekontraktar og andre kontraktstypar.....	3
3. Rekruttering av lærebedrifter.....	5
6. Kva påverkar talet på læreplassar?.....	7
7. Vurdering av verkemidlar.....	8
8. Berekning av læretilskotet .....	10
9. Samandrag.....	12
Vedlegg A: Berekning av elastisitet.....	15
Vedlegg B: Auka læretilskot og nye læreplassar i Hordaland.....	15

## 1. Innleiing

Riksrevisjonen har nylig gjennomført ein analyse av læreordninga innan vidaregåande opplæring. Analysen har ordlyden «*Riksrevisjonens undersøking av styresmaktene sitt arbeid for å auke talet på læreplassar*» [Riksrevisjonen (2016)]. Rapporten tar opp saksforhold som fråfall frå vidaregåande yrkesopplæring, vurdering av forskjellige type kontraktar og verkemiddel som er i bruk innan vidaregåande yrkesopplæring, og kartlegging av faktorar som påverkar talet på læreplassar i bedriftene. Rapporten tar dermed opp problemstillingar som er skildra i Planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft (Hordaland Fylkeskommune, 2015/16), og som det er prioritert å sjå nærare på.

Riksrevisjonen viser til informasjon frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet som dokumenterer at det er stor variasjon mellom fylka i måten dimensjonering av opplæringstilbod og formidling av læreplassar blir utført (Riksrevisjonen, s. 10). Her byggjer fylka på følgjande informasjonskjelder: Dei faglege ønska frå elevane ved søknad om opptak, faktisk søkjartal for dei ulike utdanningsprogramma det aktuelle året, tilgang på lærebedrifter i regionen, førre års tilgang på læreplassar i dei ulike faga, eksisterande opplæringstilbod ved vidaregåande skular i fylket, regionalt behov for faglært arbeidskraft på kort sikt, statistikk over folketal og forventta befolkningsutvikling i ulike aldersgrupper, og regionalt behov for arbeidskraft på lang sikt. Undersøking viser at fylkeskommunane prioriterer elevenes ønske og preferansar, men òg andre faktorar er vekta høgt. For eksempel, betyr talet på lærebedrifter i regionen mykje. Vi ser òg at befolkningsstatistikk og konjunkturar og langsiktig utvikling spelar ei viktig rolle.

Riksrevisjonen stiller eit viktig og interessant spørsmål: *Kva er årsaka til at så mange søkarar frå yrkesfagleg utdanningsprogram i vidaregåande skule ikkje får tilbod om læreplass?* Bakgrunn for analysen er at mange elevar fullfører *ikkje* yrkesfagleg utdanning fordi dei får *ikkje* læreplass. Dette rører ved dimensjonering av utdanninga fordi det å vere lærling representerer den siste, og avgjerande fasen av utdanninga for å få yrkesfagkompetansen. I slike tilfelle tek utdanningsløpet til elevane ei anna retning enn først planlagt, og usikkerheita om framtida aukar for den enkelte. Dette problemet kan diverre observerast i alle fylka i Noreg, og på kort og lang sikt representerer det ein samfunnsøkonomisk kostnad i form av lav gjennomføringsgrad, tidstap når utdanning blir utsatt eller i verste fall avslutta utan eksamen, og i sum bidrar dette til lågare kompetanse og produktivitetsnivå samanlikne med fullført utdanning. Danmark slit òg med låg gjennomføringsgrad innan yrkesfagleg opplæring, og ein viktig grunn til dette er mangel på læreplassar (Andresen et al. 2016). I alle fylke fins det arbeidsplassar som ikkje er fylt pga. mangel på kompetent arbeidskraft. Ved å auke talet på læreplassar, aukar gjennomføringsgraden, og det vil bidra til å *reducere* mangel på yrkesfagleg kompetanse.

## 2. Utvikling i tal lærekontraktar og andre kontraktstypar

Andelen søkarar som har fått læreplass er redusert frå 71 til 68 % i perioden 2011-2015. Samla er det 9100 elevar i Noreg som *ikkje* fikk læreplass i 2015 av totalt 28 438 søkarar. 6 500 av desse hadde ungdomsrett som betyr at desse elevane har vore i den vidaregåande skulen i fire år eller kortare. Når det gjeld *Hordaland*, viser det seg at *delen* søkarar som har fått lærekontrakt har og gått

ned i perioden 2011-2015. I 2011 fikk 73 % av søkerane lærekontrakt medan i 2015 er andelen redusert til 69 %, dvs. ein nedgang på 4 prosentpoeng medan for heile landet var nedgangen 3%-poeng.

I følge talmaterialet til Riksrevisjonen var 25 % av elevane utan kontrakt i 2015. *Basert på 2014-tal, viser det seg at 72 % av lærlingane var i privat sektor, 21 % av lærekontraktane blir inngått innan kommunal eller fylkeskommunal sektor, og 6 % i statleg. 23 000 bedrifter i Norge er registrerte som lærebedrifter, og 76 % av dei registrerte lærebedriftene (17 500) tok inn minst ein lærling i 2014. Det betyr på landsbasis at ca. 24 % av lærebedriftene har ikkje lærlingar sjølv om dei er godkjente lærebedrifter. Om desse bedriftene derimot hadde tatt inn ein lærling kvar, ville det representert 5 520 læreplassar. For å bli godkjent som lærebedrift, må bedrifta ha meir enn to tilsette pluss at ein del andre kriterier må vere oppfylte. I følge Riksrevisjonen er det minst 115 000 bedrifter i denne kategorien, og frå desse tala er over 80 % av bedriftene innan privat sektor å rekna som potensielle lærebedrifter. Riksrevisjonen meiner at med bruk av dei rette verkemiddel og riktig dosering, er det mogleg å rekruttere fleire lærebedrifter.*

## Lærekontraktar og utdanningsområde

Talet på lærekontraktar innan visse *utdanningsområde* har endra seg i perioden 2011-2015. Dette er aggregerte tal for Noreg. Følgjande område har hatt ein *auke*;

- helse- og oppvekstfag (42 % auke),
- service og samferdsel (32 % auke),
- naturbruk (18 %),
- elektro (9 %),
- teknikk og industriell produksjon (TIP) med 1%.

På den annan side har desse fagområda hatt *nedgang*;

- media og kommunikasjon (-37 %),
- design og handverk (-20 %),
- restaurant- og naturfag (-8 %),
- bygg og anleggsteknikk (-1 %).

Desse tala kan alternativt sjåast på som indikatorar på korleis *forretningsområda* har utvikla seg som følge av endringar i *marknad* og *preferansar*. Talet på lærekontraktar innan bygg- og anlegg har gått ned til tross for at bransjen er i vekst og talet på tilsette fortsetter å auke. Det er arbeidsinnvandrarane som først og fremst utgjør auken i sysselsettinga.

## Lærekontraktar og bransjenivå

Riksrevisjonen har berekna talet på lærekontraktar og lærlingar per 1 000 sysselsatt fordelt på næringsbransjar i 2014. Dette forholdstalet seier noe om korleis *kontraktsintensiteten*, dvs. korleis talet på lærlingar per sysselsatt fordelar seg på bransjar. På landsbasis er det innan bygg- og anleggsverksemd ca. 12 000 lærekontraktar som inneber at det er 57 lærlingar per 1000 sysselsatt. Innan

offentleg sektor er det 5 000 lærekontraktar og ca. 32 lærlingar per 1 000 sysselsette. Talet på lærekontraktar innan helse- og sosialtenester er 1 722 som gir 3,3 lærlingar per sysselsette. Når det gjeld *Hordaland*, er det i følgje Riksrevisjonens vurderingar tilstrekkeleg med kontraktar innan industri, bygg- og anleggsverksemd, og innan offentlig administrasjon, forsvar m.m., medan det *manglar* plassar innan bergverksdrift og utvinning, varehandel, motorvogn reparasjonar, transport og lagring, overnattings- og serveringsverksemd, og helse og sosialteneste. Innan spesielt desse forretningsområda må *Hordaland* fylkeskommune og aktuelle bedrifter finne den rette kombinasjon av verkemiddel som aukar talet på læreplassar.


Innan privat sektor er det rundt 20 % av bedriftsmassen med fleire enn to tilsette som er registrert som lærebedrift. Riksrevisjonen har berekna talet på registrerte lærebedrifter som *ikkje* har teke inn ny lærling i perioden 2011-2015. På landsbasis har 24 % av dei godkjente lærebedriftene ikkje teke inn nye lærlingar. I *Hordaland* er det 448 av desse bedriftene som *ikkje* har teke inn ny lærling, og dette utgjer ca. 22 % av dei godkjente lærebedriftene. Samla *godkjente* bedrifter i *Hordaland* er i følgje [finnlærebedrift.no](http://finnlærebedrift.no) 2459. Som vist nedanfor, manglar *Hordaland* 400 læreplassar for å oppfylle Samfunnskontrakten. Viss desse bedriftene hadde tatt ein læring per bedrift, ville kontrakten vore oppfylt.

### 3. Rekruttering av lærebedrifter

På [www.finnlærebedrift.no](http://www.finnlærebedrift.no) kan ein få ut oversikt over lærlingtettleiken for faga. Omgrepet «lærlingtettleik» måler kor mange lærlingar det er per registrerte årsverk i faga. Lærlingtettleiken er over 100 % for fire fag (som inneber at det er fleire lærlingar per instruktør): industrimontør, institusjonskokk, keramikar og salmakar. Ytterlegare fire fag har over 50 % tettleik: ambulansarbeidar, verktøymakar, butikkslaktar og maskør- og parykkmakar. Desse åtte faga kan det vere vanskeleg å auke tettleiken til.

I motsett ende er det 57 fag der det er bedrifter i *Hordaland*, men der det ikkje er lærlingar (lærlingtettleik = 0). Det er 43 fag med lærlingar, men der lærlingane utgjer mindre enn 5 % av årsverka, og 47 fag med mellom 5 og 49 % lærlingtettleik.

Figur 1 viser dei største lærlingfaga i *Hordaland* (dei 44 faga med 10 eller fleire lærlingar) og kva lærlingtettleik dei har. Søylar er målt etter venstre akse, og viser talet lærlingar. Linja er målt etter høgge akse, og viser lærlingtettleiken. Begge aksane er vist i logaritmisk skala (for å få fram detaljane). Halvparten av faga har mellom 5 og 15 % lærlingtettleik, og nokre av dei største faga har svært låg lærlingtettleik, heilt nede i 0,6 % for logistikkoperatørar, 0,5 % for vaktmeister/byggdrift, og 0,3 % for salsmedarbeidarar og servitørar. Det kan med andre ord vere mykje å hente på å auke lærlingtettleiken på relativt få fag.



Figur 1: Tal lærlingar og lærlingtettleik for dei største faga i Hordaland. Kjelde: finnlærebedrift.no.

I Hordaland er det totalt 10 274 verksemdar med fleire enn to tilsette (sjå òg avsnittet ovanfor om finnlærebedrift.no). Av desse er 2 075 godkjente lærebedrifter i følgje Riksrevisjonen (2015-tal) og 8 199 eller ca. 80 % av bedriftene er utan lærlingar. Desse 8199 kan betraktas som *potensielle* lærebedrifter (sjå tabell 10, s. 82). På landsbasis er ca. 80 % av verksemdene med meir enn to tilsette utan lærlingar. *Rekruttering* av lærebedrifter blir fyrst og fremst utført av *opplæringskontoret* i fylket. Fylkeskommunen brukar som nemnt *stimuleringsstilskot* til å premiere bedrifter som blir nye lærebedrifter. Storleiken på dette beløpet varierer mellom fylka – frå 10 000 som er beløpet som Vestfold opererer med, og 50 000 kr per bedrift som Hordaland brukar. Berre to fylke hevdar at dette verkemidlet har hatt noko effekt på talet på nye læreplassar.

*Lærlingløftet* som ble landsert i 2013 skal stimulere til fleire læreplassar. Det finnes òg ein del læreplassar som ikkje er brukt. Dette skuldast mangel på kvalifiserte søkarar, og i nokre tilfelle skuldast det for få søkarar. Det finnes i følgje Riksrevisjonen òg eksempel på at fylkeskommunen er for *passiv* i arbeidet med å få elever til å søke eller informere om ledig læreplass. Vidare viser det seg at verksemdar ikkje er blitt spurt om å ta inn lærlingar.

Fylkeskommunen nyttar seg av den såkalla «*lærekandidatordninga*» som etter bestått prøve gir såkalla *grunnkompetanse*. Grunnkompetanse gir som tidligare peika på ikkje studie- eller yrkeskompetanse. I perioden 2011-2015 har det vore ein auke i kontraktar som gir grunnkompetanse. 15 fylke har hatt auke i denne type kompetansebygging. I Hordaland har det vore nedgang i nye opplæringskontraktar på 13 % frå 86 til 75. Lærekandidatordninga og Vg3 er blitt ein slags buffer som skal ta seg av nokre av dei som ikkje får læreplass. I og med at dette er opplegg som ikkje gir yrkeskompetanse, kan det vere eit opplegg som gir liten realøkonomisk effekt. Alternativet er å bruke meir ressursar og organisere denne delen av utdanninga slik at kompetanse og gjennomføringsgrad aukar.

Det visar seg at det har vore ein auke i *alternative* kontraktar innan yrkesfagleg opplæring. Talet på opplæringskontraktar (opplæringskontrakt med sikte på ein mindre omfattande prøve enn fag- eller sveineprøve), som *ikkje* må forvekslast med lærekontraktar, har auka frå 918 i 2011 til 1 138 i 2015, dvs. ein auke på 24 %. Vidare har talet på elevar som begynte på Vg3-fagopplæring i skule auka til 1 157 elevar som er ei auke på 400 %.

## 6. Kva påverkar talet på læreplassar?

Riksrevisjonen påpeiker at den viktigaste årsaken til at private bedrifter ikkje tek inn lærlingar er *mangel* på oppgåver i bedrifta som lærlingane kan settast til. Dette seier noko om tilpassinga som bedriftene gjer, og det viser òg kvifor *konjunkturrell* variasjon påverkar etterspurnad etter lærlingar. Det inneber at bedrifta har tilpassa arbeidsstokken 100 % til aktivitetsnivået, og spesielt i ein lågkonjunktur vil det vere ein viss *oversysse/setting* eller «labour hoarding» som bidrar til å blokkere for inn- tak av lærlingar. Vidare meiner bedriftene at det er mangel på godt *kvalifiserte* lærlingar. Her skal ein merke seg at Riksrevisjonen refererer til analyser som viser at *gjennomsnittskarakter* og *lågt sjukefråvæer* er faktorar som er svært viktige for å få læreplass (Riksrevisjonen, s. 11). Den tredje og fjerde viktigaste årsak er at bedriftene kan ikkje sette av *tid* til opplæring, og dei har ikkje *kvalifisert* personell til å ta seg av elevane. Ein forventar at denne type bedrifter heller ikkje blir godkjent som lærebedrifter.

Dei viktigaste årsaka til at *private* bedrifter *ikkje* blir lærebedrifter er følgjesvis dei har ikkje sysselsetting til fleire, dei er ikkje spurt om å ta inn lærlingar, dei har ikkje tradisjon for å ha lærlingar i bedrifta, dei kan ikkje setje av tid til opplæring av lærlingar, lærlingane har ikkje rett kompetanse i forhold til behovet til bedrifta, kostnadene ved å ha lærlingar er for store, og bedrifter har ikkje kvalifisert personell som kan instruere. Desse forklaringane har *implikasjonar* for kva type verkemiddel eller tiltak som må settast i verk for å løyse underdekninga av læreplassar.

Tradisjonelt har bedriftene brukt lærlingar som ein del av *rekrutteringa*. Dette synes å vere tona ned, og ein årsak kan vere måten arbeidsmarknaden fungerer i dag. I følgje Riksrevisjonen er det ein samanheng mellom *konjunkturutvikling* og talet på læreplassar (sjå avsnittet ovanfor). Med andre ord gir høgkonjunktur plass til fleire lærlingar enn lågkonjunktur. Endringar i petroleumssektoren på Vestlandet, og med spesiell vekt på situasjonen i Rogaland, bekreftar denne samanhengen. Riksrevisjonen konkluderer med at dei kortsiktige, konjunkturrelle endringane i økonomien virke *sterkare* inn på moglegheitene for læreplass *enn* virkemidlane som skal påverke tilbodet av læreplasser i bedriftene. Riksrevisjonen konkluderer med at verkemidla truleg er for svake til å gje nokon klar effekt.



## 7. Vurdering av verkemidlar

Det at såpass mange som ca. 30 % av elevane står utan læreplass er ein indikasjon på at verkemidlane *ikkje* fungerer godt nok. I det følgjande presenterast dei viktigaste verkemidla som brukast til å påverka læreplassar.

### Samfunnskontrakten

Samfunnskontrakten som er inngått mellom partane i arbeidslivet har som målsetting å auke talet på læreplassar i Noreg med 20 % i perioden 2011-2015, og kontrakten skal i tillegg gjere greie for tiltak som kan bidra til å oppnå målet. I følgje Riksrevisjonen blei *ikkje* målet nådd innan utgangen av 2015. I 16 av totalt 19 fylkeskommunar var auken lågare enn 20 %, og i 2015 var det over 9 000 søkjarar som ikkje fekk plass av totalt 28 000 søkjarar, med andre ord 32 % av elevane fikk ikkje læreplass..

Målet om 20 % fleire kontraktar i perioden 2011-2015 er nådd innan kommunal og statleg sektor. I privat sektor er auken derimot berre 7 %. Samla for alle sektorar er auken berre ca. 8 %, altså langt frå målsettinga. I 2011 var det på landsbasis 18 282 læreplassar innan privat og offentleg sektor. Tale auka til 19 829 læreplassar i 2015, dvs. ein auke på 8,5 %. I 2011 fikk 71 % av dei som søkte læreplass. I 2015 er talet redusert til 68 %. Nærare 9 100 elevar stod utan læreplass ved utgangen av 2015. Det visar seg å vere stor variasjon mellom fylka i utviklinga av lærekontraktar i perioden 2011-2015. *Hordaland* ligg fjerde nedst av alle fylka med ein auke på berre 1 %, dvs. ein auke frå 2 048 lærekontraktar i 2011 til 2 072 i 2015. 72 % av lærekontraktane blei inngått i privat sektor. 21 % av kontraktane blei gjort i kommunal og fylkeskommunal sektor, og 6% i statleg sektor. Dette er tal for 2015. Talet på søkarar på landsbasis i 2015 var 20 069. I 2011 var søkartalet 17 682. Dette gir ei auke på 13,4 %.

Mangel på læreplassar er eit problem for den enkelte og svekker kunnskapsnivået i arbeidsstyrken relativt til ein arbeidsstyrke med komplett yrkeskompetanse, og det samla *tilbodet* av kompetanse blir lågare enn beste alternativ. Kva faktorar kan bidra til å auke inntaket av lærlingar i *private* bedrifter? Over 50% av bedriftene meiner at auka *læretilskot* vil auke inntak av lærlingar. Det nest viktigaste verkemiddel er meir *praktisk støtte* og råd undervegs i læretida, og de tredje viktigaste verkemiddel er betre tilbod om *instruktør-opplæring*. Det er forskjell på privat og offentleg sektor t.d. når det gjeld marknadstilpassing. Kva verkemiddel er viktige med tanke på å auke talet på læreplassar i *kommunal sektor*? Det viktigaste verkemiddel er å auke *læretilskotet*. Det nest viktigaste verkemiddel er å auke rekrutteringsbehovet. I følgje Riksrevisjonen har Kommunenes Sentralforbund (KS) vedteke at kvar kommune skal ta inn ein lærling per 1 000 innbyggjar. I 2016 er det i overkant av 516 000 innbyggjarar i *Hordaland* fylke, og i og med at alle innbyggjarane høyrer til i ein av kommunane i fylke, inneber regelen til KS 516 læreplassar innan kommunal sektor. Ein tredje faktor er å auke tilbod om instruktør-opplæring for tilsette som skal rettleie lærlingane.

### Rettleiing

Bedriftsundersøkinga til Riksrevisjonen viser at meir praktisk rettleiing og auka tilbod om *instruktør-opplæring* kan bidra til fleire læreplassar (Riksrevisjonen, s. 9). Riksrevisjonen berekna at berre 62 % av søkarane på landsbasis får læreplass medan det fortsatt eksisterer ledige (uopptekne) læreplassar. Dette skuldast bl.a. såkalla «mismatch» mellom yrkesvala til elevane og rekrutteringsbehovet

eller etterspurnaden etter kompetanse frå næringslivet. I nokre tilfelle skuldast mismatch geografisk avstand mellom elev og føretak. Avstand vert ein barriere. Problemet er i følgje Riksrevisjonen at fylkeskommunane innfrir første ønskje til elevane – som dessverre i nokre tilfelle visar seg ikkje å samsvare med etterspurnaden i arbeidsmarknaden. Ei løysing på mismatch-problemet er at fylkeskommunen tek utgangspunkt i etterspurnaden etter kompetanse i arbeidsmarknaden, og bruker andre og tredje valet til å «matche» marknaden. Riksrevisjonen trekker denne konklusjonen *utan* å gå inn på at denne styringa fordrar at planleggarane i fylkeskommunane har rasjonelle forventningar og har full informasjon om situasjon i marknaden slik at dei veit kva som er behovet i den regionale arbeidsmarknaden fire-fem år fram i tid når elevane er utdanna. Dette problemet nemner ikkje Riksrevisjonen. Vidare drøfter ikkje Riksrevisjonen om denne type styring grip for mykje inn i elevanes fridom til å velje, og skal fylkeskommunen ta på seg ansvaret og velje for elevane? Det er ikkje uproblematisk at yrkesval vert detaljstyring frå ein institusjon. Alternativet er å gi elevane betre *informasjon* om dagens situasjon i arbeidsmarknaden og kva ein kan forvente dei komande fire til 10 åra, og på det vis påverke preferansane. Men dette, i form av karriererettleiing, vil fordre tilgang på gode økonomiske analysar. Denne type informasjon bør formidlas til tiande klasse i grunnskulen, og spesielt dei første to åra i den vidaregåande skulen når yrkesval blir gjort.

## Kompetanseheevande tiltak

Det varierer kva opplegg det enkelte fylket set i verk for å hjelpe dei som ikkje har fått læreplass. Noen fylkeskommunar sender eit rundskriv til elevane og anbefaler dei å kontakte bedriftene på eige hand. Nokre får tilbod om CV-kurs og intervjutrening. Nokre får tilbod om nokre månader med opplæringskurs i ei bedrift. Viss ikkje kursopplegget i bedrifta er vellykka, i tydinga at opplegget ikkje fører fram til tilsetjing eller læreplass, får eleven tilbod om å fortsette den bedriftsretta opplæringa i skulen i Vg3, og dette tilbodet skal bygge på programområde i Vg2. Vg3-opplegget blir ein kombinasjon mellom skule og bedriftsopplæring. Talet på elevar som begynner på Vg3 har auka kraftig i perioden 2011-2015. Talet har auka med 851 som utgjev ei auke på 278 % (sjå figur 10, s. 81). Mange av dei som tar Vg3 fullfører ikkje utdanninga. *Gjennomføringsgraden* er derfor låg innan desse utdanningsløpa. Ein av grunnane til det er at det er relativt mange fagleg svake elevar, og at det er relativt kort tid frå dei startar til dei skal opp til eksamen.

## Stimuleringstilskot

I 2014 ble det innført eit såkalla *stimuleringstilskot* på 50 000 kr til offentlege institusjonar og private bedrifter som for *første* gong tek inn lærlingar eller lærekandidatar (lærekandidatar er dei som ikkje har fått læreplass og som fortsetter utdanninga i skulen). Fylkeskommunen har derimot moglegheit til å lage sine egne kriterier som kvalifiserer til stimuleringstilskot, og tilskotet fungerer ikkje lengre som eit verkemiddel berre for å rekruttera nye lærebedrifter.

Det er i samfunnets interesse, slik det kommer til uttrykk i Innst. 432 S.(2012-2013), St. meld. 20 (2012-2013) «*På rett vei – kvalitet og mangfald i fellesskolen*», at talet på personar med fagbrev, sveinebrev eller yrkeskompetanse er størst mogleg. Riksrevisjonen skriver at det er sløsing med ressursane når så mange søker *lærekandidatordninga* (med opplæringskontraktar) og endar opp med grunnkompetansebevis i staden for læreplass og sveine- eller fagbrev. Korkje grunnkompetanse og lærekandidat gir *ikkje* yrkes- eller studiekompetanse. Talet på elevar som lærekandidat og grunnkompetanse har auka over tid, og i følgje Riksrevisjonen kan ein ikkje sjå bort frå at dette skyldast at

mange elevar i 10-trinn grunnskule treng spesialundervisning. ca. 7000 elevar eller 9% av 10-trinn grunnskule har behov for spesialundervisning. I følgje Riksrevisjonen kommer det difor mange frå 10-trinn grunnskule med «*særskilte behov*» (Riksrevisjonen, s.12).

## 8. Berekning av læretilskotet

Riksrevisjonen vurderer læretilskotet som eit viktig verkemiddel for å auke talet på læreplassar. Tilskotet var ved utgangen av 2015 ca.128 000 kroner per lærling fordelt over to år, dvs. 64 000 kroner per læreplass per år. Bruk av læretilskotet ble først innført med Reform 94. Bedriftene mottar dette tilskotet som ein kompensasjon eller betaling for å opprette ein læreplass i bedrifta. I følgje Riksrevisjonen seier kommunane og private bedrifter at læretilskotet er for lågt, men Riksrevisjonen gir ikkje ei vurdering av kor høgt tilskotet bør være for å gi ønskt effekt i form av auke i talet på læreplassar.

I det følgjande vil vi berekne samanhengen mellom auke i læretilskotet og tal læreplassar. Viss dei bedriftsøkonomiske kostnadene ved ein lærling er større enn verdien han skapar, har bedrifta heller inga økonomisk incentiv til å ta inn ein lærling. Dette er eit sannsynleg utfall i følgjande situasjonar; (a) når bedriftene i mindre grad enn før brukar lærlingar som den einaste kjelde til rekruttering (arbeidsinnvandring har medverka til å løyse ein betydeleg del av rekrutteringsproblemet for bedriftene), og spesielt (b) når bedriftene har ein viss øversyssetting («*labour hoarding*»), for eksempel i periodar med lågkonjunktur. Normalt betalar bedrifta ei halv årslønn innan eit fag til lærlingen. Viss løna er høgare enn nytteverdien av lærlingen, korrigert for læretilskotet, så har bedrifta som sagt ingen økonomisk incentiv til å tilby ein læreplass.

Følgjande bakgrunnsdata ligg til grunn for analysen:

I 2011 var det 13 369 læreplassar. I 2015 var talet på læreplassar auke til 14 257, dvs. ei auke på 888 plassar eller 6,6 %. I 2011 var det registrert 136 186 føretak med ein eller fleire tilsette, og talet på læreplassar utgjer av denne bedriftsmassen 9,8 %. Merk at talet på bedrifter legg inga restriksjonar på talet på tilsette i bedriftene. I 2015 var talet på bedrifter auke til 143 555 føretak, dvs. ei auke på ca. 5,4 %. Viss talet på læreplassar innan privat sektor skulle utgjere det same som i 2011, ville talet på læreplassar vore 14 097 læreplassar. I dette tilfelle ville talet på læreplassar ha auka med 728 plassar. Den faktiske auken i talet på læreplassar er *høgare* enn forventa nivå samanlikna med andelen plassar i forhold til talet på føretak i 2011. Tilskotet blei auka med 22 000 kr i perioden 2011-2015, men det kan sjå ut som om denne justeringa er for liten til at det gir ønska respons i marknaden. Tilskotet auka nominelt med 17 % i perioden 2011-2015. Tilskotet er i følgje Riksrevisjonen auka til 139 066 i 2016, til 69 533 kr per lærling per år. Talet på læreplassar auka i denne perioden med ca. 8 %, og det er som sagt *samla* auke i Noreg. Viss vi berre ser på *privat* sektor, auka talet på læreplassar med 6,6 % i perioden 2011-2015 (Riksrevisjonen, tabell 15).


I berekningane brukast omgrepet «*elastisitet*». Elastisiteten måler korleis to storleikar påverkar kvarandre uttrykt i prosentvis endring. På grunnlag av bakgrunnsdata (sjå ovanfor) er elastisiteten mellom endring i læreplassar og endring i læretilskotet berekna til å ligge i intervallet 0,13-0,71. Det betyr at viss læretilskotet aukar med 1%, aukar talet på læreplassar med mellom 0,13 og 0,71% (sjå *Vedlegg*

A for detaljar). Av dette følgjer det at jo høgare verdi det er på elastisiteten, jo sterkare er påverkna- den mellom variablane. Storleiken på elastisiteten har implikasjonar moglegheita til å påverke talet på læreplassar ved å endre på læretilskotet. Dette blir tatt opp i neste avsnitt.

## Læretilskot – eit eksempel frå Hordaland

For *Hordaland* har vi følgjande tal: Talet på føretak innan privat sektor med minst ein sysselsatt var 12 238 i 2011, og 13 031 føretak i 2015 (SSB-statistikkbanken). Desse tala inkluderer ikkje offentleg sektor og primærnæringane. Talet på bedrifter innan primærnæringane var ca. 500 i 2015. I Hordaland fylke auka talet på føretak innan privat sektor med 793, dvs. auken er på 6,48 %. Talet på læreplassar i privat sektor i 2011 var 2 048. I 2015 har talet på læreplassar auka til 2 072. Den faktiske auken er på 24 plassar som utgjer ei auke på 1,2 %. Talet på læreplassar som del av talet på føretak i 2011 er 16,7 %. Viss talet på læreplassar i forhold til talet på føretak i 2015 skulle utgjere same forholdstal som i 2011, vil talet på læreplassar vere 2 181. Den *forventa* auken i talet på læreplassar i Hordaland er 133 plassar. Den *faktiske* auken i talet på læreplassar var derimot berre 24. For Hordaland har utviklinga vore *lågare* enn forventa utvikling i læreplassar. I løpet av perioden 2011-2015 har *læretilskotet* auka nominelt med 17%. Prisstigninga i same periode har vore ca. 7,2 %, slik at den reelle auken i tilskotet har vore 9,8%. Det har vore en viss auke i talet på bedrifter i perioden 2011-2015, og når talet på føretak aukar, aukar òg i seg sjølv moglegheitene for fleire læreplassar. Det er derimot ikkje realistisk å tru at nye bedrifter tar inn lærlingar straks dei er etablerte. Det er derfor vanskeleg å isolere kva effekt høvesvis tilskotet og kva effekt den generelle auken i talet på bedrifter har på nye læreplass. Vi er kjent med at det berre er ca. 20 % av den samla bedriftsmassen som er godkjente lærebedrifter, og i tillegg er det slik at ikkje alle godkjente lærebedrifter til ein kvar tid tar inn lærlingar.

Gitt føresetnadene og mogleg verdi på elastisiteten mellom læretilskot og talet på læreplassar, er det mogleg å berekne kva det kostar å auke talet på læreplassar i Hordaland. Berekninga går ut frå at Hordaland manglar 400 nye læreplassar. Berekninga viser at det kostar ca. 83 mill. kr. år, gitt at elastisiteten er 0,6. Utrekninga er vist i *Vedlegg B*. Dette eksemplet illustrerer, gitt dei føresetnadene som er gjort, korleis ei årleg investering på 83 mill.kr kan løyse mangelen på læreplassar, og oppfylle Samfunnskontrakten i privat sektor i Hordaland. Det er eit par merknader som bør leggjast til berekninga. Det eine er at kostnadsestimatet på 83 mill.kr. er eit bruttobeløp, og må sjåast i samanheng med at det å *ikkje* auke tilskotet inneber ein situasjon for dei 400 som òg medfører privat- og samfunnsøkonomiske kostnader. Merk at i berekningane er det brukt tilskotsatsen for 2016. Riksrevisjonen viser til Kunnskapsdepartementet som meiner at læretilskotet bør brukast langt meir aktivt enn i dag for å påverke tilpassinga til bl.a. private bedrifter (Riksrevisjonen 2016, s. 64).



Figur 1 viser kor mykje tilskotet må auke med om ein ynskjer å få eit gitt tal læreplassar for ulike verdiar på elastisiteten.

Verkemidla som blir brukt innan utdanningssektoren bør evaluerast ut frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Det inneber bl.a. at verkemidla kan vurderast ut frå ei målsetting om at det ikkje skal sløssast med offentlege midlar, dvs. dei samfunnsøkonomiske kostnadene skal minimerast gitt målsettinga. Av dette følgjer det at det er viktig at utdanningssystemet blir organisert og dimensjonert slik at behov for tilskot for å få etablert ei viss mengde nye læreplassar blir minst mogeleg. I praksis vil det nok alltid være nødvendig å bruke tilskot, spesielt i periodar med lågkonjunktur for å få etablert nye læreplassar. Gitt at dette er realitetane, er det mogleg å påverke storleiken på læretilskotet. Lærings-tilskotet kan betraktas som ei *investering* som har ei forventa samfunnsøkonomisk avkastning. Ved å arbeide aktivt mot offentlig og privat sektor, etablere samarbeidsarenaer for partane i arbeidslivet og for eksempel Utdanningsforbundet, betre informasjonen og marknadsføring av verkemidla mot potensielle lærebedrifter slik at fleire bedrifter blir med på ordninga, er det mogeleg å auke verdien på elastisiteten  $\varepsilon$ . Jo høgare verdi det er på elastisiteten, m.a.o. jo sterkare tilskotet påverkar tale på læreplassar, jo sterkare reagerer marknaden på ei endring i tilskotet og dermed aukar effekten per krone anvendt på verkemidlet. Denne samanhengen er vist i Figur 1.

## 9. Samandrag

Riksrevisjonen har analysert styresmaktene sitt arbeid for å auke talet på læreplassar innan yrkesfagleg utdanning. Analysen omfattar perioden 2011-2015. Bakgrunnen er at ca. 30%, eller i overkant av 9000 elevar på landsbasis, er *utan* læreplass. Offentleg sektor brukar betydelege ressursar på utdanningssystemet, men fortsatt er det mangel på læreplassar. Mangel på læreplassar gir negative samfunnsøkonomiske effektar i form av redusert gjennomføringsgrad, tidstap, mindre kompetanse i arbeidsstokken og lågare produktivitet. I *Hordaland* blei det brukt i overkant av 3 mrd. kr til å drifte vidaregåande skular i 2014. Det er derfor viktig at utdanningssystemet er riktig dimensjonert og organisert på ein slik måte at samfunnet får dekt etterspurnaden etter fagkompetanse, og at nemnte dysfunksjonar blir lågast mogeleg. Riksrevisjonen stiller derfor det viktige spørsmålet; *kva er årsaka til at så mange elevar innan yrkesfagleg utdanning ikkje får tilbod om læreplass?* Ut frå terminologien som er brukt her, kan det kanskje stillast spørsmål om utdanningssystemet er riktig *dimensjonert* i og

med at såpass mange elevar manglar lære plassar. Og så lenge det er elevar som ikkje får fag- eller sveinebrev på grunn av mangel på lære plassar, har utdanningssystemet klare manglar.

Dei viktigaste årsakene til at *private* bedrifter *ikkje* blir lærebedrifter er følgjesvis; dei har ikkje sysselsetting til fleire, dei er ikkje førespurt om å ta inn lærlingar, dei har ikkje tradisjon for å ha lærlingar i bedrifta, dei kan ikkje setje av tid til opplæring av lærlingar, lærlingane har ikkje rett kompetanse i forhold til behovet til bedrifta, kostnadene ved å ha lærlingar er for store, og bedrifter har ikkje kvalifisert personell som kan instruere.

I følge Riksrevisjonen er det ein samanheng mellom *konjunkturutvikling* og talet på lære plassar. Med andre ord gir høgkonjunktur plass til fleire lærlingar enn kva som erfarast under ein lågkonjunktur. Riksrevisjonen konkluderer med at dei kortsiktige, konjunkturelle endringane i økonomien verke *sterkare* inn på moglegheitene for lære plass *enn* sjølve verkemidlane som skal påverke tilbodet av lære plasser i bedriftene. Verkemidla er truleg for svake til å gje nokon klar effekt.

Tal viser at innan nokre fagområde er det vekst i talet på lære plassar i perioden 2011-2015. Innan helse- og oppvekst har veksten vore 42 %, innan service og samferdsel har veksten vore 32%, medan media og kommunikasjon har ein nedgang på 32 %. Innan bygg og anlegg er det på landsbasis 57 lærlingar per 1 000 tilsette. Innan offentleg sektor er det 32 lærlingar per sysselsatt. Innan helse- og sosialteneste er det 3,3 lærlingar per 1 000. Når det gjeld *Hordaland* fylke, er det i følge Riksrevisjonens tal som viser at det i dag er tilstrekkeleg med kontraktar innan industri, bygg- og anleggsverksemd, og offentleg administrasjon, forsvar m.m., medan det *manglar* plassar innan; bergverksdrift og utvinning, varehandel, motorvogn reperasjonar, transport og lagring, overnattings- og serveringsverksemd, og helse og sosialteneste. Innan spesielt desse forretningsområde må *Hordaland* fylkeskommune og bedriftene finne den rette kombinasjon av virkemiddel som aukar talet på lære plassar. Det fins òg ledige lære plassar. Desse plassane er ikkje fylte pga. at; søkarane har ikkje rett eller god nok kompetanse eller at det er for stor geografisk avstand mellom lærebedrift og søkar.

I følge Riksrevisjonen er det over 100 000 bedrifter som har meir enn to tilsette, og som potensielt sett kan fungere som lærebedrifter. Ein del av løysinga på lære plasser ligg i å få aktivisert nokre av desse bedriftene. Det viser seg at ca. 20 % av dei godkjente lærebedriftene ikkje har tatt inn lærlingar. I *Hordaland* er det 448 av desse bedriftene som *ikkje* har teke inn ny lærling, og dette utgjer ca. 22 % av dei godkjente lærebedriftene.

Som ein konsekvens av at mange elevar står utan lære plass har utdanningsinstitusjonane innført nye type utdanningskontraktar innan yrkesfagleg utdanning som for eksempel Vg3-fagopplæring og lære kandidatordning og grunnkompetanse. Dette er kontraktar og tiltak som *ikkje* gir yrkeskompetanse, men synes å være bufferar for å handtere dei som ikkje får lære plass. Det understrekast i rapporten at ikkje langt frå ein av ti elevar i tiande trinn har støtteundervisning. Desse elevane blir spesielt råka tatt i betraktning at krav til kompetanse i arbeidsmarknaden aukar og dette gjer seg gjeldande òg i den vidaregåande skulen. I rapporten kjem det fram at både karakterar og frávær er svært viktig med tanke på å få lære plass. Dette at frávær har negativ effekt på sjansane for å få lære plass er vist i Andersen og Andresen (2016) som analyserer oppfølging av lærlingar i Akershus. Riksrevisjonen uttrykker at det sannsynlegvis vil være eit betydeleg tal elevar innan den vidaregåande skulen som har *særskilte* behov. Av dette følgjer det at planleggarane må ta omsyn til denne type elevar i dimensjoneringsarbeidet, og reint økonomisk sett kan denne type elevar vere ressurskrevjande.

Det at såpass mange elevar står utan læreplass er sjølvstg den klaraste indikasjonen på at virkemidlane *ikkje* fungerer godt nok. Riksrevisjonen har ikkje kvantifisert kva effekt dei ulike virkemidla har gitt. I rapporten har vi sett på tal som gjer det mogleg å illustrere korleis læretilskotet kan påverke talet på læreplassar i privat sektor. Berekningane illustrerer korleis ein samla *auke* i utgifter til læretilskotet på litt over 80 mill. kr. per år, kan bidra til å oppfylle Samfunnskontrakten i *Hordaland*. Hordaland fylke manglar rundt 400 læreplassar for å oppfylle kontrakten. I følgje berekningseksempelen bør læretilskotet auke frå 70 000 til 90 000 for å oppfylle Samfunnskontrakten.

For at yrkesvala til elevane skal treffe betre etterspurnaden etter kompetanse i marknaden hevder Riksrevisjonen at fylkeskommunane bør bli betre i å *analysere* bransjane i den regionen de betener og formidle informasjonen til elevane som skal gjere yrkesutdanningsval. Betre analysar vil sjølvstg styrke dimensjoneringsarbeidet, og auke presisjonen.

Riksrevisjonen tilrår Kunnskapsdepartementet at verkemidlane vidareutviklast slik at dei ;

- betrar dimensjonering av talet på skuleplassar innan yrkesfagleg opplæring,
- styrkar formidling av søkjarar til læreplass,
- bidrar til ei betre oppfølging og rettleiing av lærebedrifter,
- gir betre verkemiddel som styrkar arbeid med å rekruttera nye lærebedrifter,
- har eit omfang og styrke slik at bedriftene får eit sterkare incentiv til å ta inn fleire lærlingar, m.a. aktiv bruk av økonomiske verkemiddel.

Riksrevisjonen er klar på at Kunnskapsdepartementet «*bør ta tak i sentrale utfordringar som er avdekte i mange av fylkeskommunane, og som bidrar til at desse måla blir innfridd*» (Riksrevisjonen, s. 16). Riksrevisjonen støtter konklusjonen til Stortingets Kontroll- og konstitusjonskomité «*..... at staten må sikre nødvendige verkemiddel som gir fylkeskommunane høve til å oppfylle ansvaret med å skaffe fleire læreplassar*» (Riksrevisjonen, s. 8). Ei tolking av dette inneber sjølvstg at myndighetene må følgje opp med forslag til endringar i *verkemiddel* som kan auke tilgangen på læreplassar. I følge Riksrevisjonen er det klare anbefalingar om å bruke meir ressursar på verkemiddel slik at; talet på læreplassar aukar og at gjennomføringsgraden blir betre.

## Referanseliste

Andersen R. K. og Andresen, S. (2016): *Oppfølging av lærlingar i Akershus*. FAFA-rapport 2016:31. ISBN 978-82-324-0321-9 (papirutgåva).

Andersen, S., Reegård, K. og Rogstad J. (2016): *Å sette pris på lærlingar – Finansiering av læreplasser i Norge og Danmark*. FAFO-notat 2016:15. ISSN 0804-5135. Bestillingsnummer 10239.

Innstilling til Stortinget frå kyrkje-, utdanning- og forskingskomiteen om *På rett vei – kvalitet og mangfald i fellesskolen*, Innst. 432 S. (2012-2013).

Kunnskapsdepartementet (2013): St. meld. 20 (2012-2013) *På rett vei – kvalitet og mangfald i fellesskolen*.

Norges Hovedorganisasjon (2016): *NHOs kompetansebarometer 2016 – Hovedresultat fra en undersøkelse om kompetansebehov blant medlemsbedrifter i 2016*.

Nye Arbeid og Velferdsetaten (2016): *NAVs Bedriftsundersøkelse 2016*.

Riksrevisjonen (2016): *Riksrevisjonens undersøkning av styresmaktene sitt arbeid for å auke talet på læreplassar*. Dokument 3:12 (2015-2016).

## Vedlegg A: Berekning av elastisitet

Elastisiteten mellom *endring* i tilskot og *auke* i talet på læreplassar kan uttrykkas på følgende vis;  
 $\varepsilon = (\Delta LP / LP) / (\Delta TS / TS)$ , kor  $\Delta LP$  og  $\Delta TS$  betyr høvesvis *endring* i læreplassar og *endring* i tilskot i perioden 2011-2015. Vi korrigerer for auke i talet på bedrifter i same periode. I dette tilfellet auka talet på bedrifter med ca. 5,4 % i privat sektor, men det er berre 20 % av bedriftene med meir enn to tilsette som over tid har teke inn lærlingar i *privat sektor*. I dette tilfelle er det ein forventa nettoauke i talet på læreplassar på 5,56 %. Prisstigninga i perioden 2011-2015 er 7,2 %. Dette anslaget er berekna ved sjå på korleis konsumprisindeksen (KPI) til Statistisk Sentralbyrå (SSB) har utvikla seg. Den reelle auken i tilskotet er, etter korrigering med bruk av endringa i KPI, difor 9,8 %. Viss vi brukar desse tale, får vi følgende verdi på elastisiteten kor offentleg sektor er forsøkt heldt utanfor  
 $\varepsilon = (\Delta LP / LP) / (\Delta TS / TS) = 5,56 / 9,8 = 0,57$  eller alternativt dersom vi *ikkje* korrigerer for auken i talet på bedrifter ( $6,64 - 5,41 = 1,23$ ), dvs.  $1,23 / 9,8 = 0,13$ , dvs. elastisiteten ligg i dette tilfellet mellom 0,13 og 0,57. Dette resultatet indikerer at viss læretilskotet aukar med 1 %, og det korrigerast for prisstigning og vekst i talet på bedrifter, aukar talet på læreplassar med mellom 0,13 og 0,57 %. Viss vi ser på *samla* auke i talet på læreplassar (privat pluss offentleg sektor), får vi følgende berekning for elastisiteten, gitt at vi korrigerer for auke i talet på føretak;  $\varepsilon = (\Delta LP / LP) / (\Delta TS / TS) = (8 - 5,41 * 0,20) / 9,8 = 6,91 / 9,8 = 0,71$ . Berekningane av elastisiteten indikerer at den truleg ligg i det lukka intervallet  $\varepsilon \in [0,13; 0,71]$ .

## Vedlegg B: Auka læretilskot og nye læreplassar i Hordaland

Antar at når den samla bedriftsmassen veks med ein viss prosent  $\alpha$ , aukar talet på bedrifter med  $0,20\alpha$  læreplassar. Dette representere den generelle effekten på læreplassar som *ikkje* skuldast læretilskotet. For å isolere effekten frå verkemidlet, må vi trekke i frå den generelle effekten. Viss vi korrigerer auken i talet på bedrifter, får vi  $(6,48) / (0,20) = 1,30$ . Viss vi brukar tala ovanfor, får vi følgende verdi på elastisiteten  $\varepsilon = (\Delta LP / LP) / (\Delta TS / TS) = (1,17 - 1,30) / 9,8 = -0,0132$ . Ved bruk av desse tala ser vi at elastisiteten er negativ for Hordaland fylke. Negativ elastisitet er eit resultat som *ikkje* stemmer med økonomisk teori. Verdien er i tillegg nær null, slik at det kan konkluderast med at endringa i læretilskotet har truleg *ikkje* medverka til å auke talet på læreplassar i Hordaland i perioden 2011-2015. Tilskotet er i følgje Riksrevisjonen auka til 139 066 i 2016 som utgjer  $139066 / 2 = 69533$  kr per lærling per år, dvs. ca. 70 000 kr. Resultatet frå Hordaland har implikasjonar for val av *effektive verkemiddel* for å auke talet på læreplassar. Berekninga indikerer at auken i tilskotet i perioden 2011-2015 ikkje har hatt noko effekt i talet på læreplassar samla sett for Hordaland. Strengt tolka viser resultatet frå Hordaland at det er få verkemiddel som bidrar til å auke talet på læreplassar. Dette følgjer av at auken i talet på nye læreplassar berre er 24. Ein kan sjølv sagt diskutere i kva grad verkemiddelet har vore forsøkt aktivt formidla til målgruppa av bedrifter. Berekningar for heile landet indikerer at elastisiteten ligg i intervallet  $\varepsilon \in [0,13; 0,71]$ . For Hordaland viser berekningen at elastisiteten  $\varepsilon$  er nær null. Truleg må styresmaktene auke tilskotet for at verkemidlet skal fungera.


I det følgjande blir det vist eit *eksempel*. Anta at elastisiteten er  $\varepsilon = 0,6$ . Berekninga ovanfor viser derimot at elastisiteten bort imot lik null. Dette eksempelet går ut frå at det mogleg å påverka storleiken på elastisiteten slik at den er  $\varepsilon = 0,6$ . Læretilskotet antar vi er lik den nye satsen La oss gå ut frå at læretilskotet er 139 066, og som utgjer 69533 kr per lærling per år. Som eit eksempel anta at Hor-



daland fylkeskommune ønsker å *auke* talet på læreplassar med 400, dvs.  $\Delta LP = 400$ . Ei *auke* i læreplassar på ca. 400 ville oppfylle *Samfunnskontrakten* i privat sektor i Hordaland fylke. Anta at  $TS_0 =$

69533,  $LP_0 = 2072$ . Viss vi set dette inn i uttrykket for elastisitetslikninga  $\Delta TS = \left[ \frac{\Delta LP}{LP_0} \right] \left[ \frac{TS_0}{\varepsilon} \right]$ , får vi at

det årlege tilskotet per lærling må *auke* med  $\Delta TS = (400/2072) * (69533/0,6) = 22372$ . Læretilskotssatsen per lærling per år må *auke* med i overkant av 20 000 kr for å kunne *auke* talet på plassar med 400 for å oppfylle *Samfunnskontrakten*, gitt at elastisiteten er 0,6. Dei samla kostnadene for dei 400 *pluss* eksisterande 2072 læreplassar blir:  $(2072+400) * (69533+22372) = 227$  millionar kroner per år. *Meirkostnadene* i forhold til utgangspunktet er  $[227 \text{ millionar} - (69533 * 2072)] = 227 - 144 = 83$  mill.kr. per år.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

